



Arkivnr: 2017/15170-2

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Bestilling

Bakgrunn for saka:

I møte i kontrollutvalet 29.08.2017 vart dette protokollert si sak PS 86/17:

«Handsaming i møtet

Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS. Utvalet ber sekretariatet om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønskjer å delta i ein slik selskapskontroll før Deloitte vert beden om å lage forslag til prosjektplan.

Føremål:

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Grieghallen IKS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift.

Problemstillingar:

Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:

1. I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, samt eigne vedtak og rutinar?
 - a. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - b. Korleis har Hordaland fylkeskommune følgt opp selskapet, under dette mål og krav som eigarane har etablert for selskapet?

Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:

2. I kva grad driv Grieghallen IKS si verksemd i samsvar med sitt vedtektsfesta føremål og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?
3. I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar at lovverket sine krav til god selskapsleiing blir etterlevd?
4. I kva grad har selskapet etablert ei føremålstenleg organisering og god internkontroll som omfattar:

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: Roald.Breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- a. Kontrollmiljø (organisering, leiing, ansvarsdeling, samhandling)
- b. Risikovurderingar (mål, risikovurderingar og risikoreducerande tiltak)
- c. Kontrollaktivitetar (system og rutinar for kritiske prosessar)
- d. Kommunikasjon og informasjon i verksemda
- e. Leiinga si oppfølging (oppfølging av drifta i selskapet)

Problemstillingar knytt til tilskot

5. Kva krav har Hordaland fylkeskommune sett krav i høve garanti som er gjeve til selskapet?

Etter dette vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.
2. Før prosjektplan vert bestilt frå Deloitte, vert sekretariatet beden om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønskjer å delta i ein slik selskapskontroll.»

På bakgrunn av punkt 2 i vedtaket sendte sekretariatet 05.09.2017 slik førespurnad til kontrollutvalet i Bergen kommune:

«Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 86/17 Bestilling av selskapskontroll:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.
2. Før prosjektplan vert bestilt frå Deloitte, vert sekretariatet beden om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønskjer å delta i ein slik selskapskontroll.

Fullstendig saksframlegg med saksprotokoll går fram nedanfor.

Påskrift frå sekretariatet:

Dersom kontrollutvalget i Bergen kommune ønskjer å delta i ein slik selskapskontroll, ber vi om at det vert teke stilling til kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune sitt forslag til føremål og problemstillingar som går fram av saksprotokollen. I dette ligg det også om det er ønskjeleg å undersøke både problemstillingar knytt til Bergen kommune si eigarskapsforvaltning og problemstillingar knytt til drifta i selskapet.

Tilbakemeldinga frå kontrollutvalet i Bergen kommune vil, saman med det som går fram av saksprotokollen nedanfor, danne grunnlag for at vi ber Deloitte om å lage forslag til ein prosjektplan som inneheld føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk. Tanken er vidare at prosjektplanen skal leggjast fram for begge kontrollutvala til godkjenning før Deloitte kan starte sin revisjon.»

Drøfting:

Kontrollutvalet i Bergen kommune handsama førespurnaden i møte 26.09.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalget i Bergen ønsker ikke å delta i selskapskontrollen av Grieghallen IKS.»

Svaret frå kontrollutvalet i Bergen kommune ligg ved.

Konklusjon:

På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet ber Deloitte om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane som kom fram i møte 29.08.2017.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet gav i møte 29.08.2017, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 15.11.2017 og skal godkjennast i neste ordinære møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 2017-04529-5 Forespørsel om å delta i selskapskontroll av Grieghallen IKS 238453_1_1